

## **Språkleg rettferd i skulen**

Før påske skal kunnskapsminister Tonje Brenna kome med framlegg til ny opplæringslov til Stortinget. Vestland SV vil ha ei opplæringslov som sikrar nynorskelevane ein nynorsk kvardag!

I dag sit nynorskelevar i klasserommet med skriveprogram som gir dei raude strekar under ord dei skriv rett, appar som ikkje finst på nynorsk og andre verktøy som gjer at lese- og skriveopplæringa deira blir meir mangelfull og langt dårlegare enn den opplæringa jamnaldringane som skriv bokmål får. Mangelen på nynorsk i det digitale klasserommet skadar ikkje berre nynorskelevane, men det stikk også kjeppar i hjula for sidemålsundersvisninga til bokmålselevane.

Definisjonen av læremiddel i dagens opplæringslov er for snever og bidreg til ei uholdbar lese- og skriveopplæring for nynorskelevane. I den nye opplæringslova må definisjonen av læremiddel også femne om læringsressursar. Parallellitetskravet må gjelde for alle digitale og ikkje-digitale læringsressursar og verktøy som er laga for eller blir brukte i opplæringsiktemål. Skriveprogram som skal brukast i norsk skule, må støtte både nynorsk og bokmål utan atterhald.

Fleire tusen av dei 73 117 nynorskelevar i barne- og ungdomsskulen bur i Vestland. Elevane som har nynorsk som hovudmål bør få dei same vilkåra som dei elevane som har bokmål som hovudmål.

Vestland SV meiner:

- Definisjonen av læremiddel må femne om læringsressursar.
- Parallellitetskravet må gjelde for alle digitale og ikkje-digitale læringsressursar og verktøy som er laga for eller blir brukte i opplæringsiktemål.
- Skriveprogram som blir brukte i skulen, må stø både nynorsk og bokmål.